



Arkivnr: 2014/12111-9  
Saksbehandlar: Svein H Kjellevoid

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		02.06.2016
Fylkesutvalet		23.06.2016

## Nye Åsane vidaregåande skule - romprogram

### Samandrag

I vedtaket om skulebruksplanen i FT i mars 2013 vart det bestemt å samlokalisere U. Pihl vgs og Åsane vgs i ein ny vidaregåande skule i Åsane ved U. Pihl vgs sine noverande lokale. Vidare vart det vedteke at HO-tilboda på Lønborg vgs vart overført til U.Pihl vgs/Åsane vgs når denne vart ferdigstilt. Fylkestinget handsama på møtet 09. juni 2015, sak om fagtilbodet ved dei vidaregåande skulane i Åsane. For Åsane vgs vart det mellom anna gjort følgjande vedtak:

- «Åsane vgs vert dimensjonert for totalt 1085 elevar. Skulen skal tilby utdanningsprogramma byggfag (BA), elektrofag (EL), helse- og oppvekstfag (HO), idrettsfag (ID), restaurant og matfag (RM), teknikk og industriell produksjon (TIP), Service og samferdsel (SS), påbygg (PÅ), innføringskurs for minoritetsspråklege og tilrettelagt opplæring. I tillegg skal skulen drive vaksenopplæring, opplæring innan kriminalomsorga og lærlingopplæring.

Romprogrammet viser følgjande netto-/bruttoareal, inkl. areal til Restaurant og matfag:

Funksjon	Programmert areal (m2)
Nye Åsane vgs (ekskl. bibliotek)	15 063
Bibliotek (kombinert skule- og folkebibliotek)	930
Åsane Kulturhus (ekskl. bibliotek)	2 048
Åsane Tannklinikk	417
OT/PPT	119
Opplæringskontora for byggfag	500
<b>SUM NETTOAREAL</b>	<b>19 077</b>
<b>SUM BRUTTOAREAL, B/N-FAKTOR 1,4</b>	<b>26 708</b>

I høringsforslaget til rullert Skulebruksplan 2017-2030 tilrår Fylkesrådmannen å bygge Nye Åsane vgs utan eit RM-tilbod fordi det eksisterer ein betydeleg overkapasitet innan RM i Stor Bergen allereie i dag. Forslaget til rullert Skulebruksplan vert endeleg handsama i Fylkestinget i oktober 2016. Med tanke på vidare planlegging av Nye Åsane vgs er det viktig at avgjerdsla om Restaurant og matfag skal vere ein del av tilboda til Nye Åsane vgs vert gjort nå. Naudsynt areal til Restaurant og matfag utgjer 1430 m2 bta inkl. lærearbeidsplasser mm. Kostnaden av å etablere RM i Åsane er om lag 60 mill.

Programmert areal for heile bygget blir etter dette:

SUM NETTOAREAL (Ekskl. Restarant og matfag)	18 056
SUM BRUTTOAREAL (Ekskl. Restaurant og matfag)	25 278

I politisk sak, *Fagtilbod ved dei vidaregåande skulane i Åsane (PS 48/2015)*, er det vedteke at:

*«Eit opplæringscenter for byggfag skal inkluderast i den vidare planlegginga av skulen.»*

I programmeringa er det medteke 100 m<sup>2</sup> kontorlokale og 400 m<sup>2</sup> felles verkstadslokale netto. Samla 500 m<sup>2</sup> x 1,4 = 700 m<sup>2</sup>. Kostnad om lag 25 mill. Det er ikkje etablert intensjonsavtale om leige av desse areala og det kan ikkje forventast å oppnå ein marknadsleige.

**Forslag til innstilling:**

1. Det skal ikkje planleggjast for fagtilbodet Restaurant og matfag (RM) i vidare planlegging av Nye Åsane vidaregåande skule.
2. Det skal planleggjast for opplæringscenter for byggfag i vidare planlegging av Nye Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkesutvalet godkjenner at det framlagde romprogrammet, med frådrag for areal for Restaurant og matfag, vert lagt til grunn for vidare design og planlegging av Nye Åsane vidaregåande skule.
4. Arealbehovet må tilpassast eventuelle endringar i forslag til skolebruksplan 2017-2030.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
eigedomsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg:**

- Rom- og funksjonsprogram
- Avtale med Bergen kommune
- Avtale med Arena Nord

Fylkesrådmannen, 19.05.2016

### Bakgrunn

Fylkestinget gjorde i møte 12.03.2013 mellom anna følgjande vedtak i samband med skule- og tilbudsstruktur i region Stor-Bergen Nord.

«f. U. Pihl vgs og Åsane vgs vert samlokalisert ved U. Pihl vgs sine noverande lokale i ein ny vidaregåande skule i Åsane.----«

Fylkestinget gjorde i møte 09.06.2015 følgjande vedtak i sak PS48/2015:

- Åsane vgs vert dimensjonert for totalt 1085 elevar. Skulen skal tilby utdanningsprogramma byggfag (BA), elektrofag (EL), helse- og oppvekstfag (HO), idrettsfag (ID), restaurant og matfag (RM), teknikk og industriell produksjon (TIP), Service og samferdsel (SS), påbygg (PA), innføringskurs for minoritetsspråklege og tilrettelagt opplæring. I tillegg skal skulen drive vaksenopplæring, opplæring innan kriminalomsorga og lærlingopplæring.
- Nye Åsane vgs skal spegle ei framtidretta satsing på yrkesfag og stå fram som eit signalbygg for yrkesfaga. Eit opplæringscenter for byggfag skal inkluderas i den vidare planlegginga av skulen.
- Bergen kommune har no starta arbeidet med å byggje ny fleirbrukshall på Myrdal. Det må etablerast ein intensjonsavtale med Bergen kommune for bruk av hallen. Avtalen må innehalde prinsipp for utrekning av leigekostnader, leigetid og fellesutgifter knytt til drift og vedlikehald.
- Areal til kulturhus vert innarbeidd i planane for Nye Åsane vidaregåande skole. Då ein skule mest er i bruk på dagtid og eit kulturhus mest på kveldstid, er det stort rom for sambruk av lokala. Det må etablerast ein intensjonsavtale med Bergen kommune. Avtalen må mellom anna innehalde leigeareal, leigekostnader, driftstid, leigetid og fellesutgifter knytt til drift og vedlikehald.
- I det vidare programmeringsarbeidet for Nye Åsane vgs skal det leggjast til grunn ei samlokalisering av avdeling Fossane i lokala til Åsane vidaregåande skole. Representantar frå Kriminalomsorga må involverast i det vidare programmeringsarbeidet og i planlegginga av skulen. Det er ein føresetnad at tryggleiken for øvrige elevar vert ivareteken på lik line som no, og at kriminalomsorga ikkje ser noko risiko ved ei slik integrering. Vidare ser fylkestinget det som tenleg at skulen gjennom samansetjing av personalet har sosialpedagogiske ressursar der fengselsfagleg kompetanse inngår.»

### Restaurant og matfag (RM)

I politisk sak Fagtilbod ved dei vidaregåande skulane i Åsane (PS 48/2015) vedtek fylkestinget at Nye Åsane vgs skal dimensjoneras for 75 plassar innan RM. Etter den tid er det gjennomført ei omfattande utgreiing med omsyn til elevtalsprognoser og trong for elevplassar i samband med rullering av Skulebruksplanen. Eit viktig mål i arbeidet med skulebruksplanen har vore å samle fagtilbod og å få ei dimensjonering som i best mogleg grad samsvarer med trongen for elevplassar i framtida. Når det gjeld RM er det i dag ein betydeleg overdimensjonering i Stor Bergen. Ser ein på den fysiske kapasiteten i eksisterande bygg er overkapasitet enda større. Samstundes viser prognosetala for skuleåret 2016/2017 ein nedgang i søkjarar til faget på om lag 17 % samanlikna med inneverande skuleår.

Eit RM tilbod etter dimensjoneringa vedteke (PS 48/2015) krev eit undervisningsareal på omlag 1430 kvm. Etter berekning med nøkkeltal for nybygg av skulebygg gir dette ei investering på omlag 60 mill.kr. Dette er eit konservativt overslag ettersom RM er meir kostbare areal enn generelle undervisningsareal som er lagt til grunn i kostnadsberekninga.

Det er avgjerande med tanke på kostnader både med omsyn til drift og investeringar å utnytte eksisterande kapasitet betre. Det er i den samanheng viktig å unngå å bygge kostbare undervisningsareal det samla sett ikkje er trong for i framtida. I høyringsforslaget til rullert Skulebruksplan 2017- 2030 tilrår Fylkesrådmannen difor å bygge Nye Åsane vgs utan eit RM-tilbod fordi det eksisterer ein betydeleg overkapasitet innan RM i Stor Bergen allereie i dag.

Forslaget til rullert Skulebruksplan vert endeleg handsama i Fylkestinget i oktober 2016. Med tanke på framdrift i byggeprosjektet og planlagt skulestart hausten 2020 vil det vere avgjerdande at denne avgjerdsla vert fatta no i samband med vedtak om endeleg byggeprogram av Nye Åsane vgs. Ei utsetting av denne avgjerdsla til fylkestingets handsaming av Skulebruksplanen i oktober vil vere kritisk for framdrifta i prosjektet.

### **Opplæringsssenter for byggfag**

I politisk sak *Fagtilbod ved dei vidaregåande skulane i Åsane (PS 48/2015)*, Fylkestinget 9. juni 2015 står det i vedtaket:

*«Nye Åsane vgs skal spegle ei framtidsretta satsing på yrkesfag og stå fram som eit signalbygg for yrkesfaga. Eit opplæringsssenter for byggfag skal inkluderast i den vidare planlegginga av skulen.»*

Opplæringsavdelinga har hatt fleire møter med opplæringskontora innan byggfag hausten 2015/vinteren 2016 der trongen for eit opplæringsssenter, og korleis dette bør innrettast i den nye skulen har vore drøfta. Denne prosessen har munna ut i at den beste løysinga vil vere eit felles verkstadlokale på 400 m<sup>2</sup> for alle kontora der ein koordinerer bruken seg imellom for å få høgast muleg utnytting av lokale og dermed sikrar høgast muleg aktivitet i arealet.

Det er fleire opplæringskontor som ønskjer å ha fast adresse på senteret, men også fleire som ønskjer fleksibel utnytting av lokalet ved kurs, elev dagar, fagprøver og andre aktivitetar. Det vert tilrådd ei løysing med 100 m<sup>2</sup> kontorareal i nær tilknytning til skulen for å sikre godt samarbeid mellom opplæringskontora og skulen.

Det er 9 opplæringskontor med totalt 827 løpande kontraktar som har vore med i arbeidet om opplæringsssenter for byggfag ved Nye Åsane vgs:

Namn	Antall løpande kontraktar mai 2015
BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR AS	232
OPPL.KTR. FOR RØRLEGGERFAGET VVS	171
BYGGOPP - OPPL.KTR. BYGG-OG ANL.TEKNIKK	153
OPPL.KTR. FOR ANLEGG- OG BERGFAGENE	151
BLIKKENS LAGERMESTRENES OPPL.KTR.	45
MURERFAGETS OPPLÆRINGSKONTOR BERGEN	33
MALER- OG BYGGTAPETSERM. OPPL.KTR.	25
Norsk opplæringskontor for ISO-fagene	13
VESTLANDSKE TAKENTREPRENØRERS OPPL.KTR.	4

Etablering av eit opplæringsssenter er inspirert av regjeringa si satsing på yrkesfag og samfunnskontrakten mellom partane i arbeidslivet. Bygg og anleggsteknikk har sett ein kraftig reduksjon i søkjartala dei siste 9 åra. Eit samla senter for byggfag er eit viktig verkemiddel for å samle byggenæringa i ei felles satsing for rekruttering til yrkesfag via eit styrka samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

Et samla nettoareal på 500 m<sup>2</sup> inkludert 100 m<sup>2</sup> til kontor og 400 m<sup>2</sup> til verkstadlokale vil utgjere eit bruttoareal på 700 m<sup>2</sup> og ein byggkostnad på omlag 25 mill. kr. Når det gjeld leigeinntekter må ein pårekna at desse ikkje vil svare seg i høve til investeringskostnadane og det vil i hovudsak vere kontorlokala som vil gi leigeinntekter.

Med bakgrunn i at det er ønskeleg med ei satsing innan byggfag og samtidig styrke samarbeidet mellom skule, næringsliv og bransjen sine opplæringskontor tilrår Fylkesrådmannen at eit opplæringscenter med kontor- og verkstadsareal vert inkludert i byggeprogrammet for Nye Åsane vgs.

### **Kulturhus**

Romprogrammet for kulturhuset viser eit nettoareal på 2710 m2 og eit bruttoareal på 3794. Dette inkluderer folkebibliotekets del av det totale biblioteksarealet (felles bibliotek med skulen). Det er utarbeid ein intensjonsavtale med Bergen kommune for leige av desse areala. Denne er godkjend administrativt i Bergen kommune, men må også behandlast på politisk nivå i Bergen kommune. Intensjonsavtalen er vedlagt.

Den totale investeringa for kulturhus og folkebibliotek vil basert på bruttoarealet bli om lag 150 mill. Den årlege leigeinntekta vil bli om lag 7,5 mill.

### **Fleirbrukshall på Myrdal**

I tidlegare saksutgreiingar står det at Bergen kommune har starta arbeidet med å byggje ny fleirbrukshall på Myrdal. Dette arbeidet er i gong, men med stiftelsen Arena Nord som byggherre. Det er etablert ein intensjonsavtale med stiftelsen Arena Nord for bruk av hallen. Framdrifta i prosjektet tyder på at nødvendige lokale for kroppsøving og idrettsfag vil vera etablert i god tid før skulestart. Det endelege omfanget av leigearealet vil bli justert når teikningar for Arena Nord er etablerte, men det er forventa at den årlege leiga blir på om 2 mill.

### **Areal**

Romprogrammet har vorte etablert i tett kontakt med alle brukergupper som skal nytta areala i den nye skulen. Det har vore 3-4 møter med dei enkelte fagmiljøa. Ein har i tillegg nytta FEF-arealmodell for å avstemma at areala for dei enkelte utdanningsprogramma er av ein rimelig størrelse.

Det totale programmert bruttoareal er 25278 m2. I dette talet er ikkje areal til Restaurant og matfag (RM) medteke. Av dette arealet utgjør den vidaregåande skulen 17140 m2.

Følgjande funksjonar og areal er lagt inn bruttoarealet (utover areal til skule) :

Kulturhus inkl. folkebibliotek (areal leies av Bergen kommune)	3794 m2
Tannklinikk	585 m2
Voksenopplæring	1830 m2
Lærlinger	358 m2
Fengselsundervisningen	514 m2
OT/PPT	167 m2
Opplæringskontorene for byggfag	700 m2
Ekstra bygningsdriftsfunksjoner	190 m2
<b>SUM</b>	<b>8138 m2</b>

### **Økonomi**

Med utgangspunkt i romprogrammet og eit bruttoareal på 25.278 m2 er bygget kalkulert til 980 mill kroner. Kalkylen tek utgangspunkt i kjente kostnader for skulane på Voss som har vore på om lag kr. 36.500.-/m2 inkl mva og inventar og utstyr. I tillegg har ein rekna ein prisauke for 3 år på 6%. Dette er historisk sett ein låg prisauke, men er i samsvar med den marknadsutviklinga ein ser. Frå mars 2015 til mars 2016 var prisauken knapt 1,6%. Kostnader fram til ferdig forprosjekt er også inkludert. Det er ikkje medrekna utstyr og inventar for lokalar som ikkje skal nyttas av Hordaland fylkeskommune

I investeringsbudsjettet for 2016-2019 er det avsett 600 mill kroner til Nye Åsane videregående skule. Inkludert i dette anslaget var berre kostnader til den videregående skule, som i dag er programert til 17140 m2. Andelen av kostnader til den videregående skulen utgjer i det framlagte kostnadsoverslaget om lag 665 mill.

### **Entrepriseform**

Prosjektet vil bli gjennomført som ein samspillsentreprise. Det vil si at 5-6 grupperingar bestående av entreprenører, arkitekt og andre fagfolk vert invitert til ein pris- og designkonkurranse. Saman med vinnaren vil ein gjennomføre ein samspelfase fram til forprosjekt og ein endeleg totalentreprisekontrakt. For begge skulebygga som er under bygging på Voss er tilsvarande entreprisform nytta. Eigedomsavdelinga har gode røymsler med desse entreprisane både med omsyn til design, løysingar og totale kostnader.

### **Framdrift**

Pris- og designkonkurransen for Nye Åsane vgs vert utlyst i juni 2016 med kåring av ein vinnar i slutten av november 2016. Samspelfasen og ein detaljregulering vert gjennomført i 2017. Forprosjektet skal etter planen leggast fram for godkjenning i Fylkestinget desember 2017 og byggestart vert våren 2018. Bygget skal vera klart til bruk ved skulestart hausten 2020.